



Ospelunden under utbygging. Biletet vart teke tidleg i vinter

**Onsdag klokka 19 er det nytt ope møte i Uskedal utvikling på Gamleskulen. Det vert truleg det siste før sommarferien. Kvinnherad næringservice er invitert. Dagleg leiar Silvia Tofte vil saman med Emma Reigstad ha ei innleiing som handlar om kva som skapar eit omdøme og kva innverknad frivillig arbeid, eldsjeler og ressuspersionar har på utviklinga av levande bygder.**

Temaet er aktuelt for næringsliv, lag og organisasjonar og einskildpersonar, alle med eit mål om å skapa attraktive plassar med sterk identitet og auka tilflytting.

Uskedal utvikling vonar at mange finn vegen til møtet og medverkar tilei god drøfting om Uskedalen - ei bygd i utvikling.

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto og nett: Ola Matti Mathisen